



Vår dato:
21.03.2018

Vår referanse:
2012/411-5677182/2018

Vår saksbehandlar:
Toralf Meling

Direkte telefonnr.:
53423152

Dykkar dato:
15.03.2018

Dykkar referanse:
Mats Korneliussen

Statens vegvesen Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

VEDKOMANDE OMKLASSIFISERING AV FYLKESVEGAR I BØMLO KOMMUNE

Viser til dykkar brev.

Bømlo kommune har vore i dialog med fylkeskommunen som vegeigar og har ikkje fått dei avklaringar vi hadde forventa. Dei fleste av desse vegstrekningane er til vurdering for omklassifisering fordi realisering av vegprosjekt i Bømlopakken har gitt endra bruk for mange av desse vegane.

Vi tek for oss kvar vegstrekning. Vår uttale går på omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg. Omklassifisering til privat veg er ei sak mellom fylkesvegeigar og nye private «vegeigarar».

FV 541 – Løvegapet – Tjong (Vika) - høyringsbrev 26.01.2018

Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak.

- 632 meter veg vert omklassifisert til kommunal veg

FV 541 – Langevåg – Løvegapet – høyringsbrev 26. 01.2018

Bømlo kommune har ikkje synspunkt framlegg til vedtak.

FV541 – Tjong – Hestaneset – høyringsbrev 26.01.2018

Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak.

- 2225 meter veg vert omklassifisert til kommunal veg.

FV 18 – Goddo – høyringsbrev dagsett 26. 01 2018

Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak.

- 787 meter veg vert omklassifisert til kommunal veg.

Gamal FV 14 Stavland – Bjøddledalen – høyringsbrev 07.02.2017

Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak.

- 1960 meter veg vert omklassifisert til kommunal veg.

FV 542 Stokkabekken – Siggjarvåg- høyringsbrev 26.01.2018

Bømlo kommune aksepterer ikkje framlegg til vedtak når det gjeld omklassifisering av dagens fylkesvegnett. Det meste av tungtransporten vil vere bussar som utgjer fylkeskommunal transport. **Ein slik veg må vere fylkeskommunal. Vi vil i nærare dialog om denne vegen.**

Bømlo kommune har ingen merknader til den delen av framlegg til vedtak som gjeld tilførselsvegar mellom ny og gamal veg. Samla fører dette til omklassifisering av 1026 meter veg til kommunal veg.

FV 541 Stokkabekken – Brubakken – Katthola – høyringsbrev dagsett 26.01.2018

Den aktuelle vegstrekninga fyller rolla som gang- og sykkelveg for fylkesvegen som nesten går parallelt. I si tid var det ein føresetnad for ikkje å bygge gang- og sykkelveg i samband med ny fylkesveg at dagens fylkesveg skulle vere gang- og sykkelveg. I tillegg går alle bussruter i området på denne strekninga.

Bømlo kommune kan ikkje aksepterer framlegg til vedtak.

FV 19 – Rolvsnesvegen- høyringsbrev dagsett 9. februar 2018

Bømlo kommune har ikkje merknad til framlegg til vedtak sidan vegen går på kommunal grunn. Elles er det lite hensiktsmessig for kommunen å ha 38 meter kommunal veg på Rolvsnes, men legg til grunn at vi kan samarbeid om vintervedlikehald.

- 38 meter vert omklassifisert til kommunal veg.

–
Bømlo kommune vil overta desse vegane når Statens vegvesen har utbetra feil og manglar langs desse vegane. Når utbetringstiltaka er gjennomført skal Statens vegvesen gjennomføra ei ny synfaring langs desse vegane der utbetringstiltaka skal dokumenterast.

Vi viser elles til ulike synfaringar. Ein del synfaringar er gjort tilbake i tid og ein må pårekne at det har vore ein del forfall sidan den tid (for ein del tilbake til 2013). Vi legg til grunn at det skal vere synfaring etter oppgradering og at dette derfor ikkje treng vere noko sentralt moment.

Elles vil Bømlo kommune understreke at vi ikkje er vidare formell part i saker som gjeld omklassifisering frå fylkesveg til privat veg. Vi legg til grunn at dagens vegeigar har dialog med dei private aktørane som etter dagens vegeigar sin plan skal ta over desse vegane.

Med helsing
Bømlo kommune

Geir E. Aga
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

